

Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Høyringsuttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA)

Gjeld: NRKs bidrag til mediemangfoldet

Viser til høyringsbrev datert 13. april 2018

Landslaget for lokalaviser (LLA) opplever det som krevjande å gi ein fullverdig høyringsuttale på ein så omfattande rapport og ei så viktig sak som NRKs bidrag til mediemangfoldet inneheld. LLA vil kome med nokre få synspunkt om korleis NRK kan svekkje og korleis dei kan bidra til å styrke lokalt mediemangfold.

Hovudpunkt frå LLA:

- NRK er ein allmennkringkastar som leverer høg kvalitet, og fyller viktige funksjonar for innbyggjarane, ikkje minst som fellesarena.
- Sett i lys av finansieringsforma og posisjonen NRK har i det norske samfunnet må institusjonen vere ein ansvarleg og rettferdig medieaktør som er audmjuk overfor andre mediegrupper, også dei aller minste lokalavisene. NRK bør først og fremst dyrke sin profesjonalitet og høge kompetanse som lyd- og bildemedium fordi Noreg treng ein sterk og truverdig forvaltar av dette. Å bli best på nettavis bør ikkje vere NRK si oppgåve.
- LLA vil og få uttrykke aukande uro over utviklinga i NRKs publiseringsstrategi. Vi meiner at konklusjonane i rapporten ikkje tar nok innover seg at NRK synest å bruke meir og meir ressursar på nrk.no med innhald med tekst- og bilete mykje likt avisene sine nettsider. For ein del lokalaviser er ikkje NRK ein lokal konkurrent, men eit supplement. Det er fleire og fleire lokalaviser som opplever NRK som ein veksande konkurrent. For desse vil NRK si satsing på digital publisering som liknar på lokalavis kunne medføre tap av brukarbetaling og slik gå ut over finansiering av lokal journalistikk. Då kan NRK svekke lokalt mediemangfold. I ei krevjande tid i annonsemarknaden er brukarbetaling heilt avgjerande for avisene. Avisene arbeider nå knallhardt med å få lesarane til å betale for digitalt innhald og då vil alt som svekkjer slik betalingsvilje vere uheldig. Her meiner vi at det er muleg å finne avgrensingar, slik at NRK ikkje driv med innhaldsproduksjon som konkurrerer med lokalavisene i lesarmarknaden, men utfører det klassiske oppdraget som allmennkringkastar med produksjon av lyd og levande bilete. Dette kan gjerast endå tydelegare i Kringkastingslova. Her må det vere muleg å finne avgrensingstiltak, slik ein og arbeider med i andre land, mellom anna våre nordiske naboland.

Side 2 – Høyringsuttale frå LLA om NRK og mediemangfold

- NRK og samarbeid med lokalavisene.
NRK har dei siste åra vist vilje til å bidra med ressursar til samarbeid med lokalaviser. Dette kan både skape viktig journalistikk og det kan styrke lokalavisene. NRK har og vore positive ved førespurnad om å medverke med sin kompetanse overfor lokalavisene og LLAs kompetansetiltak. Dette er positivt og må utviklast vidare slik at den store kompetansen NRK har, spesielt på lyd og levande bilete kan hjelpe lokalavisene til å nå betre fram til lesarane og spesielt dei unge. Men dette samarbeidet må løftast kraftig frå dagens nivå. Det er i dag altfor lite til å kunne ha vesentleg betyding når det gjeld å bidra til å skape lokalt mediemangfold. LLA meiner at det må vere muleg å få til eit samarbeid, først og fremst på lokalavisenes premisser og med eit vesentleg større omfang dersom eit slik samarbeid skal bidra reelt til auka mediemangfold. Vi ser og vesentleg potensiale i samarbeid om viktig undersøkende lokal journalistikk. NRK må rett og slett legge vesentlege ressursar i dette og systematisere arbeidet overfor lokalavisene, sentralt og ut frå kvart distriktskontor. Vi fryktar at NRK kan sjå det som meir interessant å samarbeide med dei større lokalavisene, som vi i LLA gjerne kallar distrikts- og /eller regionaviser. Det er viktig at samarbeidet også blir tatt på alvor når det gjeld dei mindre lokalavisene, som truleg vil ha aller størst nytte av dette.
Den gode starten frå 2015 med samarbeid om forskjellige redaksjonelle tiltak i samband med lokalval må vidareførast og gis vesentleg større omfang. Dette er viktig for å skape auka interesse rundt lokalval og slik bidra til å styrke lokaldemokratiet
- Det er og interessant å merke seg at fleire lokalaviser opplever at samarbeidet mellom lokalavisa og NRK i dag går mest til NRKs fordel ved førespurnad om å få tilsendt bilete og informasjon om hendingar lokalt. Dette gjeld i stor grad "blålyssaker" og andre hendingar. Det må vere ein føresetnad at alt samarbeid tar omsyn til og viser respekt for at lokalavisene må ta betalt for innhald.
- NRK må prioritere produksjon av eigne, unike saker.
Fleire viktige område som kan få betyding for NRK innverknad på mediemangfoldet kan ikkje regulerast, men vil vere avhengig av NRKs strategi og praksis. I mange tilfelle vil det vere snakk om at NRK må vere tilbakehaldne for å ikkje ha ein praksis som er til skade for lokalavisenes brukarbetaling. Fleire lokalaviser framhevar at det er uheldig når NRK publiserer eigne nyhendesaker raskt og der det er opplagt at det er saker i lokalavisa som er grunnlaget. Lokalaviser brukar altså ressursar på å lage unike saker med gode kjelder, der publiseringa naturleg nok berre er tilgjengeleg digitalt for abonnentar. Det vil då vere uheldig om NRK med dette som utgangspunkt publiserer tilnærma like saker og gjerne med same kjelde. Generelt bør altså NRK vere svært forsiktige med å sitere og publisere "essensen" i saker som lokalavisene har gjort tilgjengeleg berre for abonnentar.

Side 3 – Høyringsuttale frå LLA om NRK og mediemangfold

- Teknologisk samarbeid
Mykje av teknologien NRK utviklar og brukar ville vere til stor nytte for mange lokalaviser. Spesielt lokalavisene som ikkje er med i konsern har utfordringar når det gjeld å ha tilstrekkeleg ressursar og kompetanse til å skaffe seg og bruke framtidsretta digital teknologi. Her bør det vurderast om NRK kan dele teknologi med kunnskap, spesielt med det som må å nå ungdom og unge etablerte vaksne.
- Lett og rimeleg tilgang til NRKs produksjon og arkiv
Tilgang til NRKs aktuelle saker med lyd- og eller levande bilete frå ei lokalavis sitt dekningsområde og tilgang til NRKs arkiv blir viktigare i samarbeidet med lokalavisene og NRK. Dette vil kunne hjelpe lokalavisene til å gje aktuelt innhald eit løft og vere meir interessant. At tilgangen til både "ferske" saker og arkivsaker er enkel tilgjengeleg og gratis (evt. til rimeleg sjølvkost) er viktig.

LLA har her peika på nokre utfordringar og problemstillingar om korleis NRK kan påverke lokalt mediemangfold. Dette er muleg å møte positivt med rammer, avgrensingar og god praksis.

Store, ressurssterke og dugande NRK har potensiale til å ta på seg eit større ansvar for å styrke lokalavisene og slik lokalt mediemangfold. Dette bør det leggjast til rette for både politisk og frå NRK som institusjon til beste for innbyggjarane i landet.

Lokalavisene er sjølve grunnfjellet i mediemangfoldet i landet vårt. Det er lokalavisene som formidlar det som vedkjem livet til innbyggjarane som skule, arbeid og fritid. Det er lokalavisene som følgjer den lokale politikken som har betydning for tenestetilbodet til alle, frå barnehage, til skule og omsorg. Og det er lokalavisene som synleggjer den lokale kulturen. Det er slik meir enn festord å hevde at dei er lim og lupe i sine lokalsamfunn.

I praksis er lokalavisa den einaste seriøse fellesarenaen for innbyggjarane i dei ulike lokalsamfunna der alle lever sine liv.

Dei mange små lokalavisene har framleis innpass i langt over halvparten av husstandane i sine dekningsområde. Eit fleirtal av innbyggjarane i landet får slik informasjonen om det viktige i deira liv frå ei ekte lokalavis.

Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og i alle delar av samfunnet og som er med på å skape eit gjennomsiktleg samfunn, kjem tillitssamfunnet gradvis til å forvitne. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.

Oslo/Kvinnherad 22. mai 2018

Med venleg helsing
Landslaget for lokalaviser

Rune Hetland
generalsekretær

Tomas Magnus Bruvik
styreleiar